

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 1

Arna Januar 1971

4. årgang

Attkjenningi

Ein vandrandselle med stav i si hand
kjem endeleg heim att frå framandsland.

Hans andlet er solbrent, og støvut hans hår.
Kven kjenner han att etter alle dei år?

Han stig gjennom byporten gamal og grå.
Då ser han ein tollmann ved slagbommen stå.

Dei eingong var vener og leika i lag.
Dei hygde seg saman kvar bidige dag.

Men tollmannen kjenner han visst ikkje att,
for vinden og soli har brunbrent han radt.

So ruslar då sveinen, vel ørlite stur,
på velkjende gater dit kjærasten bur.

Snart skimtar han gjenta, ho smiler so søtt,
Han lettar på hatten: «God dag og vel møtt»

Men smilet det sloknar. Hans dyraste skatt,
ho kjenner han tydeligvis ikkje att.

Og vidare traska den vonbrotne mann.
Det var ikkje fritt for at tårene rann.

På vegen til kyrkja han møte si mor.
Han helsar «Guds fred!», og so ikkje eit ord.

Det skrukkute andletet vitna om sut.
No ljósna det opp, og ho kviskra: «Min gut!»

Kor barka og brunbrent hans andlet enn var,
hans bilete mori i hjarta sitt bar.

«Das Erkennen» av Vogl.
Til norsk av Eirik Skjerve.

Sundag 24. januar

vart nye klokkaren vår, Thor Storerud, innsett i tenesta si. Han er fødd 12/ 1945 i Fyrisdal, Vest-Telemark. Han har utdanningi si frå Det norsk Diakonheimen, Oslo. Utdanningi der varde 5½ år. Han har no unnagjort militertenenesta si på Lahaugmoen i 9 mnd., på Sætermoen i Troms 3 mnd. sersjantkurs og ferdig der no til jol. Kona hans er frå Bømlo og heiter Arnlaug f. Sæverud. Og ho er utdana til sjukepl.-lærar. Dei har flytta inn no og bur i Stølsvegen, Indre Arna. Kontoret sitt skal han ha på Seim. Velkomne skal dei baa vera til Arne kyrkjelyd.

Me i redaksjonen for Kyrkjelyd. var takksame om de ville senda kr. 5,— for bladet i det nye året.

Den Eviges trofasthet

Vi lever i en verden hvor alt forandres og går til grunne. Naturen omkring oss forandrer seg stadig, ikke bare med årstidene, men selv de trauste norske fjell er ikke idag nøyaktig som de var igår.

Denne forandringens lov er vi mennesker i høy grad undergitt. Våre krefter vokser eller avtar, våre følelser og stemninger skifter fra time til time. Vi er aldri helt de samme.

En er allikevel alltid den samme, sier Guds ord. «Jesus Kristus er igår og idag den samme, ja til evig tid.» Hos ham er der ingen forandring. Han er trofast, om vi er troløse.

Dette er et godt ord å minnes ved nyttårstid. Vi står foran et nytt år. Det er som en lukket bok. Vi kan ha våre tanker og planer for året som kommer, men om vi får

gjennomført dem eller om vi i det hele er «liv laga» det vet vi ikke.

I all uvissheten trenger vi noe fast, noe som holder, noe som ikke blir borte. Det vil dette ordet fra Hebr. 13,8 gi oss. Jesus Kristus er den samme i sin godhet og kjærlighet og nåde idag som da han vandret på vår jord. Han vil lede oss i året som kommer og gi oss frimod og hjelp til vår gjerning der vi er satt i livet. La oss gi akt på hans ledelse og følge ham. Det skal gi oss fremgang og signing.

Ein bøneseamle av Charles Wesley

i nynorsk omsetjing av Eirik Skjerve

*Djup av nåde er hjå deg,
Jesus, har du rom for meg?
Kan du tilgje meg på ny,
lata voner atter gry?*

*Anden din eg stod imot,
trod din kjærleik under fot.
Eg har valt den range veg.
Har du enno rom til meg?*

*Å, eg er so sløv og kald,
syndi held meg i sitt vald.
Kan eg koma fram til deg?
Er der enno rom åt meg?*

*Tilgjev at eg var so veik.
Gløym at eg deg skamleg sveik.
Før du meg på rette veg.
Lat meg få eit rom hjå deg.*

Korleis den heilage Olav brende opp i lóven

nokre spøner han hadde spikka om sundagen

No vil me fortelja det underet som er på alle munnar, og som hende fyrst av alle me fortel, endå me set det sisst her.

Medan heilagmannen endå levde her på jordi, hende det at den heilage kong Olav ein sundag sat og telgde på ein kvist han hadde funne, med ein kniv han heldt i handi, for han hugsa ikkje på at det var sundag. For i Noreg er dei særst vyrke med å halda helgedagane, og ingen vågar ta seg til noko arbeid då, anten stort eller smått. No la ein som stod nær kongen, merke til at han sat og spikka på sundagen, han våga saktens ikkje seia beint fram at det var sundag, berre minte honom med dei ordi: «Det er måndag i morgon, herre konge.»

Då rådde kongen meg seg og syrgde mykje yver at han hadde spikka fliser om sundagen, han samla alle spønene i handi si og kveikte på. Då dei var oppbrende, syntet det seg at handi var uskadd. Soleis tok det seg opp att, det underet som fordom bar til med dei tri mennene i Babylon. Elden hadde si naturlege kraft til å brenna opp spønene, men han makta ikkje skada handi åt den skuldlause kongen.

(Etter Passio Olavi-lidingssoga og undergjerningane åt den heilage Olav. Frå 1100-talet. Omsett av Eiliv Skard.)

Trengereid

Då me samlast til gudstenesta 2. jole-dagen i Trengereid merka me at dørveggen hadde fenge ei liti andlitslyfting. Yver døri var det kome eit fint bilæte måla av Asbjørn Brekke, Indre Arna. Me hadde lenge

sett at noko vanta der, og so fekk me kunstnaren vår då til å måla noko som kunne høva der i kapellet. Det fyrste bilætet er no kome på plass, me ventar endå to til. Me er trygge på dei vert like fine og gilde som dette fyrste vart. Bilætet er ikkje berre til stas. Det er forkynning i fargane og. Symbol talar me stundom om, og meiningi skyna me greidt. Rundingen i framgrunnen med fager grønliit er, «jordens rund». Og yver stig krossen fram klår og sterk. Du kan koma ihug Joh.ev. 3,16: So elska Gud verdi —. Sonings og sigersmerket i den kristne kyrkja. Og med eit lite gullskin ikring som strålar ut. Den varme raudfargen er og attum, og peikar på Guds hjartelag og miskunn.

Men armene attmed? Som grip tak i ein annan? Den eine myrke-grøne frå jordi, den andre orangelita og tøyande seg ovanfrå og ned? Å, lett er det å fata. Det er basketaket vårt. Les du Romarbr. 7 om lov og synd og strid. For eg skynar ikkje det eg gjer: Det eg gjerne vil, gjer eg ikkje, men det eg styggjest ved, det gjer eg. Eg som vil gjera det gode, møter den lovi at det vonde ligg meg nærast.

Pilene og armene talar om helging, nederlag, strid, siger. Om jordisk trå og ljoslengt og draging og til dei ævlege høgder. Medan du set hatten din på hovudet kan du lesa og sjå: Strid den gode striden — for her ned når dei evige armar.

Utdrag frå årsstatistikken

I Arna har me i 1970 fenge 273 nye verdsborgarar. Av dei 209 i Indre Arna og 64 i Ytre Arna.

Kyrkjeoffer for 1970 tilsaman kr. 31.677,32. Av dette fell kr. 22.048,59 på Indre Arna og kr. 9.628,73 på Ytre Arna.

Takk for samdrættet

Denne takk og yverskrift er til klokkaren min i Arna — Olav Hartveit. Og det er ikkje berre i vanleg nyårsmeining: Godt år og takk for det gamle». For søndag 17/1 tek me avskil med klokkaren vår i Arna etter yver 17 års tenesta ved kyrkja. Dei segjer han er gamal vorten, men det er det ingen som vil tru. Men kyrkjeboki for Gjerstad fortel han vart fødd 29/1 1898. Rakare holdning og lettare gonge har knapt nokon ungdom i Arna sokn.

Det vert og ein tradisjon som no vert broten — den å vera skulelærer og so attåt vera klokkar i kyrkja. For ein signa kombinasjon det har vore i kyrkja vår. Gjeven som honnør til våre fremste skulefolk, høgare i akt og æra enn styrar og inspektør idag. Mange lysande namn frå bygdene våre stod i rekkja der. Heretter vert det klokkardiakon.

Hartveit gjekk lærarskulen i Volda. Ferdig der 1922. Vart so lærar i yver 15 år i Evanger. Sidan fleire år på Romslo, Indre Arna — Haukeland og til sist vart han styrar ved Garnesskulen. Når han skulle til Haukeland laut han fylgja toget, elles sykla han skulevegen sin og bygde opp si gode helsa slik. Glad var han i yrket sitt. Glade, veit eg, borni og var i læraren sin. Der var orden, sømd og trivnad i stovene. Og song.

I kyrkja vart det og orden, sømd, trivnad. Han «song» ut då, ville det koma noko inn som ikkje høvde. Me laut ta omsyn til honom slik Han hadde meining og kunna bera henne fram. Det vart ei trygd for oss og for tenesta vår.

Enkelt og rett bar han og gudsordet fram. Mange gonger stod han i kyrkja med kran-sar i hand og fann dei rette ordi då og. Eller i samver der han so jamt var kjømeister.

Me hugsar konfirmantfesten vår nyss på Garnes. Han skulle opna samveret vårt. Og fortalde om kor vel han skulle passa på setlaboki si fyrste gongen han drog heim-anfrå. Sikkerhetsnål laut setjast på lomma. Yvergangen til formaning var lett: Ditt hjarteliv du framum alt lyt berga. Di barnetru, di von, din kjærleik varm.

Olav Hartveit hadde godt fylgje. Når eg kom på preikestolen, oppdaga eg klokkaren min i kyrkjeskippet på konesida. Der sat han attmed kona si og lydde på preiki. Dei var ilag i Herrens hus og kvar dei for. Ho og er eit velsigna menneske og gjorde si tenesta i Herrens hus og i den gilde heimen dei bygde på Tunes.

No er dei fri dei mange pliktene sine og kan fara ikring på vitjing til borni sine og til kjenningane sine rundt ikring. Men i Arna kyrkje høyrer dei heime meir enn nokon stad og der vonar eg me får ha dei bae enno i lang tid.

Søndag 24/1 hadde me ei liti samkoma, soknerådet og medhjelparane for rett å ta avskil med klokkarfolket vårt, og samstundes helsa den nye velkomen til Arna.

E. T.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 29.11. Nina, foreldre: Arnljot Haukaas og Bente f. Herland. (I Birkel. kyrkja)
 29.11. Erling: for.: Karsten Dalaker og Helga f. Austefjord. (I Birkel. kyrkja)
 29.11. Stig, for.: Arne Amundsen og Berit Gunvar f. Myrdal.
 13.12. Steinar Magne, for.: Jan Georg Hovlandsdal og Gerd Inger f. Dävøy.
 13.12. Vibeke, for.: Helge Gudmundsen og Henny Elin f. Kleppe.
 13.12. Elin, for.: Oddbjørn Arne Urke og Hildegunn f. Furnes.

- 13.12. Trude, for.: Svein Østreim og Liv f. Underdal. (I Birkeland kyrkja).
 19.12. Annicke, for.: Dag Are Mjelstad og Solveig f. Herland. (I Birkel. kyrkja).
 24.12. Linda, for.: Arne Kolbjørn Solberg og Gunvor Alise f. Bysheim. (I Hosanger kyrkja).
 25.12. Anette, for.: Idar Peder Svenning og Aslaug Marie f. Aspevik.
 25.12. Roger, for.: Egil Henry Tunes og Reidun f. Havre.
 27.12. Knut Vidar, for.: Knut Even Schjenken og Anne Lise f. Asserson.
 27.12. Jan Atle, for.: Lars Storli og Anne Marie f. Olsnes. (I Strandvik kyrkja).
 27.12. May Lisbeth, for.: Bjørn Ove Eliassen og Ingeborg f. Dahl.
 27.12. Unni for.: Magnus Havre og Signe f. Fossdal.
 27.12. Randi, for.: Magnar Sigmund Engvik og Kari Cecelia f. Gjerde.
 27.12. Lillian, for.: Per Harald Nordgaard og Margit Karin f. Skulstad.
 27.12. Kjersti, for.: Magne Bakos og Aud Mary f. Ellevold.
 27.12. Sidsel, for.: Asbjørn Fonn og Margot Marie f. Underdal.
 10.1. Trond Helge, for.: Kåre Helge Østrem og Marit f. Diseth.
 10.1. Andre, for.: Arne Opedal og Sonja f. Hundhammer.
 10.1. Jan Otto, for.: Arild Risebrobakken og Ingeborg f. Reigstad.
 17.1. Ronny, for.: Leiv Lofthaas og Karin f. Presttun.
 17.1. Hallgeir, for.: Hjalmar Hansen og Erna Othelie f. Bø.
 17.1. Inge, for.: Per Runningen og Audny Tordis f. Osland.
 17.1. Even, for.: Alv Børve og Aud Marit f. Eide.
 17.1.1. Anja Beathe Raanes, for.: Finn Reidar Solberg og Vigdis Oline f. Raanes.
 17.1. Kjetil, for.: Per Torvund og Britt Randi f. Andersen.

VIGDE:

- 30.12. Roald Sletten og Margunn Jensen.

AVLIDNE:

- 6.12. gbr.kona Ellen Borgny Neset f. 1914.
 26.12. gift gbr. Ludvik Johan Haukeland f. 1893.
 28.12. gift møbeltapetserer Leiv Johannes Småland f. 1920.
 11.1. mylllearb. kona Ragna Inga Lerøy f. 1891.
 14.1. gift. gbr. og løytnant h.v. Mons J. Presttun f. 1879.

Her er Guds hus og himmelport herfrå der går ein stige av ord og sakrament er gjord alt opp til himmerike På den stig englar opp og ned, og gleda utan like, dei helsar oss med Herrens fred

RETTING

Det andre veret av «Kan du syngja det nye kvædet», som stod i førre nummer av Kyrkjelydsbladet, skal lyda slik:

*Ord og tonar frå tusen munnar
 vitnar om fryd ved Jesu bragd.
 Livet kviler på trygge grunnar,
 Jesus då sjølv er til grunnstein lagd.
 Han oss fylgjer i denne verdi,
 gjæter og varar flokken sin.
 Himlens hyrding ber heim på herdi
 kvart eit villfare lamb han finn.*

Det nye kvædet er ein mykje kjend og kjær vekkingsong frå 1857, og laga av bibelbodedet Ingebret Thorkildsen. Fleire har

klussa med songen hans m.a. Jacob Traas-dahl og fenge æra for songen. I 1923 skreiv prost Barstad i «Stille Stunder» at det var Per Nordsletten sin song. Men då tok ein annan prost, A. Halvorsen, til motmæle slik: «Nei, Barstad, det var ikkje Per, men Ingebret som skreiv songen. Og det på ei ferd frå Gudbrandsdalen til Sogn. Då han kom so langt at han fekk sjå nedyver den storslegne Fortundalen, vart han so gripen av synet. Han sette seg ned. Tankane strøynde inn på han, og åndi kom yver han og kvædet føddest i den stundi. Tonen er og hans.

Kva slags kar var då denne Thor? Ein gild og klok bondegut frå Torpo i Hallingdalen. I si ungdomstid hørde han ei preik yver Joh. 15,3 (— og utan meg kan de inkje gjera) som vekke honom og sidan fylgde

honom. Han arbeidde heime nokre år — fem år — før han tok ut som bibelbod. Han ville ikkje falla nokon til byrdar. Til Valdris og Sogn drog han og råka der på Erik Venjum og knytte venskap med honom som varde livet ut.

Ein gong drog han midtvinters yver Sognefjellet til Lom. Det kom snøstorm og Thor gjekk seg vill. Laut grava seg ned i snøfonna der han satt natti yver og bad. Om morgonen klårna det att. Då tona det salmesong i fjellet. Alle velsi på: «Nu rinner solen opp av østerlid» og han gjekk vegen vidare fram. Svend Foyn kalla han sidan til Tunsberg og der vart då heimstaden hans. Men drog so lenge han vann ikring, ein gong radt til Stavanger.

(Etter opplysingar frå:
Kristen sang og musikk).

HOLMEN I BJØRGVIN

For 900 år sidan vart Bjørgvin by grunnlagd av kong Olav Kyrre og byen vart Noregs hovudstad gjennom omlag 240 år.

Kongsgard og bispegard vart bygde på den staden dei då kalla Holmen. Seinare, i dansketidi vart han kalla Bergenhus, og nemnest slik enno. — Her bygdest ogso fleire prydelege Gudshus og andre fagre hallar. Størst av alle var Kristkyrkja, katedralen for Vestlandet.

I Noregs lagnadstunge tider, då danskane rådde i landet vart bispegarden, alle kyrkjene, og alle fagre byggverk rivne til grunns. Endåtil konge og bispegravene vart utsletta.

Denne lut av Noregs saga vitnar om kor ille det er for eit folk å koma under framandt velde. Det vart uår på folkesjeli. Usæla og vanmakt lagde seg yver folket, og sette sine sårmerke, som svider enn idag. Det var kong Olav Kyrre sin kongstanke å byggja Noreg på kristen grunn. Der bygde han kyrkjer. Og so lenge hans tanke rådde steig folket vårt til å verta ein av dei fremste kulturnasjonar i Europa. Men då Gud vart vraka sakk Noreg ned til djupaste armødsdom.

Lat denne saga vera oss til lærdom idag.

Med tanke på ovannemnde er fylgjande kvæde laga om Holmen i Bjørgvin.

*Minnet flyg med vare vengslag
yver Holmens helga grunnar, —
skodar gjennom år attende,
vekkjer liv or gløymde graver.*

*Her det bygdest borg og haller,
rikt og raust av drotten prydde.
Hird og hovding råd let halda
for å fremja fræge dådsverk.*

*Her vart Kristi kyrkja tufta
traust og trygg på sterke grunnen.
Kraft av Ordet skulle lyfta
folket fram i dygd og heider.*

*Her vart halde heilag høgtid.
Ordet skok i harde hugar,
trøysta deim som syndi trega,
løyste kvar i bot seg bøygde.*

*Her vart gjæve kongar krynte.
Dronning skreid ved drottens sida.
Framfor Herrens helga altar
vart til verket sitt dei vigsla.*

*Her dei tenkte store tankar
for det folket dei fekk tene.
Velmeint vilje skulle bera
fram den draumen som dei hyste.*

*Her dei streva, her dei stridde
til dei trøytt fekk si kvila,
kyrrt ved kyrkjemuren
medan verket skulle vara.*

*Tagal såg du tunge tider
tyngja yver vigde vollar.
Tårn og hall til grunns vart rivne,
framand fot deg vyrklaust trødde.*

*Ingen hovding kunne mæla,
ingen hermann kunne verna.
Framandt vald deg hardast herja,
vraka vyrklaust all din gjævoleik.*

*Gjæve grunn med æreminne,
hev du enno ingen hovding
som den rivne mur kan reisa,
skapa liv der gløymsla råder,
gjeve ord til røyst som tegjer,
og som lengjest å få tala?*

*Helgastad, din grunn han talar,
alle dine steinar ropar:
Bøt du det som ransmenn øyde!
Fremja dine feders tankar!*

*Nordmann, å u skal talen tyda!
D u SKAL MANINGSROPET svara!
Aus då kraft av minnebrunnen,
Noreg bygg på helga grunnan!*

Harald Hope

SPAREBANKEN — Banken for innskytarane

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

HAUS SPAREBANK

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

Skal det vera

markiser eller persiener, så ring
og spør meg. Eg sel Norsk Amico
heilårsmarkiser og prydpersiener,
stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

MAGNUS BORGE
5233 Haukeland Telefon 40021

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Alt i bøker, papir, gramo-
fonplater og leiker får De
hos

F. BEYER
Bok og papirhandel
Indre Arna

I min forretning

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

Bladstyrar er Sogneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —